



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 25.09.2018

Sak nr.: 18/2064-7

Internt l.nr.: 43835/18

Sak: 49/18

Tittel: Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 3

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. TINE SA får kr 99 500 til å gjennomføre kurs i pensjon og eigarskifte for bønder.
2. TINE SA får kr 99 500 til å gjennomføre kurs knytt til avlingstap på grunn av beitande hjort.
3. Hordaland fylkeskommune får 300 000 kr til prosjektet «Travel like the locals».
4. Det vert sett av kr 580 000 til finansiering av forprosjekt Fjordane Virtuelle Campus. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele dei avsette midlane.
5. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får 1 500 000 kr til inkubator-tilbod for 2018.
6. Det vert løyvd 612 000 kr samla for heile treårsperioden 2019-2021 til å finansiere stillinga til Noregs Forskningsråd sin representant i fylket.
7. Fjordkysten Friluftsråd får 150 000 kr for 2018. I denne summen ligg eit driftstilskot på 100 000 kr, samt eit eingongstilskot for to nye medlemskommunar. Tilskotet er avhengig av at Vågsøy vert teken opp som medlem som skissert i søknad.
8. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskota til TINE SA vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7012 i budsjett 2018, bransjeretta satsingar, midlar avsett til landbruk.
 - b. Tilskotet til Hordaland fylkeskommune vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7090 i budsjett 2018, andre næringsområde.
 - c. Tilskotet til samarbeidande bedrifter ved Segel AS vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7018 i budsjett 2018, kunnskap.
 - d. Tilskotet til Kunnskapsparken vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7015 i budsjett 2018, nyskaping.
 - e. Midlane til stilling i Forskningsrådet vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7015 i budsjett 2018, nyskaping.
 - f. Tilskotet til Fjordkysten Friluftsråd vert dekkja med midlar til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.